

Storfint skipsbesøk i Storsund i dag.

18.06.2017



MS SUNNHORDLAND på inn i Storsund, på tur til Trebåtfestivalen i Norheimsund.

To vakne og maritimt interesserte fotografar, Øystein Enæs og Arne Rød, har fanga opp at MS SUNNHORDLAND ( 1948 ) og MY TALITHA ( 1930 ) gjekk Storsund i dag. Begge er gode fotografar og let oss få bruka motiva deira.

MS SUNNHORDLAND gjekk Storsund i dag tur/ retur Leirvik - Rosendal - Norheimsund. Turen gjekk til trebåtfestivalen i Hardanger. Redaksjonen har før skrive utførleg om det største skipet i HSD sin flåte og om dei frå Uskedalen som i kortare eller lengre tid var påmønstra SUNNHORDLAND i Sunnhordland snøgrute i tidsperioden 1949 - 1973. U:S Navy jagaren fekk etter ombygging ein tonnasje på 996 BRT. Etter ombygging i Finland vart skipet noko større.



MY TALITHA, ein luksus yacht, bygd 1930 og registrert på Bermuda.

MY TALITHA har om lag same tonnasje som SUNNHORDLAND, bygd i 1930, 80 meter lang og registrert på

Bermuda. TALITHA er ein luksus yacht med eit mannskap på 18 og plass til berre 12 gjester fordelt på 6 suiter. Luksusskipet kom frå Sognefjorden, har vore innom Rosendal i dag og ligg no ved Bømlo med kurs på sør.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs/ Arne Rød